



Aud Sølvi Fosse Drengenes  
Hardbakke 47  
6924 HARDBAKKE

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1094 - 19/14405

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

25.06.2019

## Godkjenning av søknad om utsatt frist for forynging av hogstfelt på Gbnr. 25/11 og 16 Fosse

**Administrativt vedtak. Saknr: 145/2019**

### Saksutgreiing:

Aud Sølvi Fosse Drengenes søker i e-post dagsett 04.06.2019, om utsett frist for forynging av hogstfelt på Gbnr. 25/11 og 16 på Fosse. Arealet vart hogd i 2016 og 2017 men arbeidet vart ikkje ferdigstilt av entreprenøren. Dei har hatt dialog med Vestskog om ferdigstilling av arealet sidan 2017 og dei opplyser vidare at det har vore fleire personar frå Vestskog for å sjå på området slik at det kan bli ferdigstilt. Dei har fått opplyst at området skal ferdigstillast i løpet av sumaren 2019. Dei har bestilt planting hos Vestskog, men vil vente med planting til området er ferdig hogd og alt er kjørt ut.

Området vart plukka ut til foryngingskontroll våren 2019, og søker har sendt inn eigenmelding for dette i tillegg til søknad om utsett frist.

### Vurdering:

Etter sluttavverking har ein 3 år på å forynge eit avverka areal, men det kan gjevast 2 års utvida frist etter §§ 7 og 16 i forskrift om berekraftig skogbruk. Fristen for forynging på det aktuelle arealet går ut i 2019, som er bakgrunnen for at arealet vart plukka ut til kontroll.

Søkar har opplyst kommunen at forynging vart bestilt i samband med hogsten, og dei har hatt dialog sidan 2017 for å få ferdigstilt arealet. I samband med hogst i 2016 og 2017 vart store deler av bestandet hogd, men det står att ein del. Entreprenøren valde å ta ut den skogen som var lettast å komma til og lot resten stå. De har difor vald å ikkje gjennomføre planting før alt tømmer er tatt ut for å unngå å kjøre i gjennom plantefelt og påføre dette skader.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

I forskrift om berekraftig skogbruk §§ 7 og 16 opnas det for ein utsatt frist for forynging. Utsatt frist kan gjevast ved klimatiske eller lokale forhold, men kommunen kan også dispensere frå føresegna i forskrifta dersom det er særlege skog- eller miljømessige omsyn tilseier det. Det skal godkjennast av kommunen at ein får utsatt frist. Administrasjonen meiner at bakgrunnen for at arealet ikkje er planta er innan for særlege skogmessig. Det er uheldig at entreprenøren ikkje har gjort ferdig feltet, og kunn hogd det tømmeret som sto lettast til. Dette gir hogstflater som er uferdige, det blir vanskeleg å plante før det er ferdig hogd og det kan gje meir konkurrerende vegetasjon når planting skal skje.

Administrasjonen er samd i grunneigars vurdering i å utsette planting til alt er ferdig, slik at ein unngår store køyreskadar på plantene. Det er viktig at arealet no vert ferdigstilt slik at det kan plantast til og kjem i omløp at. Administrasjonen legg difor søkjar opplysningar frå Vestskog til grunn at det vert gjort sumaren 2019. Administrasjonen legg også til grunn skogeigars ynskje om å få bestanden i omløp og bestilling av planting til grunn. Vidare er det viktig at arealet vert planta til snart slik at ein unngår for mykje pionervekstar som gras, bringebær og liknande, som kan gjere plantinga vanskeligare eller gje sterk konkurranse med granplantane.

Etter ein samla vurdering meiner administrasjonen at søknaden er innanfor forsskrift om berekraftig skogbruk sine føresegn om særlege skogmessige grunnar til utsatt forynging jf. § 16 og at det ikkje er stird med forskrifta sin § 6. Administrasjonen vil difor gje løyve til utsatt frist til forynging med 2 år.

## Vedtak

«Meland kommune gjev med heime i forskrift om berekraftig skogbruk § 16, jf. § 6 Aud Sølvi Fosse Drengenes utsatt frist til forynging av sluttavverka areal på Gbnr. 25/11 og 16 på Fosse. Ny frist for forynging vert satt til 31.12.2021. Ved utgangen av fristen skal arealet vere tilfredstillande forynga. Det er ikkje mogleg å ytterligare søkje om utsatt frist jf. § 7 i forskrift om berekraftig skogbruk. Kommunen ber om tilbakemelding på når arealet er ferdig forynga.

Grunnlaget for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering.»

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Aud Sølvi Fosse Drengenes

Hardbakke 47

6924

HARDBAKKE